

VEDTEKTER
SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG (SFFL)

§1 FØREMÅL

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

§2 LAGSOPPGÅVER

SFFL skal:

- samordne arbeidet for folkemusikk og -dans i samsvar med føremålet for organisasjonen
- leggje tilhøve til rette for arbeidet i lokallaga
- medverke til å skipe nye lokallag
- drive opplærings- og kursverksemd
- i samsvar med føremålet ivareta interessene andsynes fylkeskommunale styresmakter
- syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år

§3 MEDLEMSKAP. TILKNYTTING

Fylkeslaget er knytt til Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg (FolkOrg). Alle lokallaga i fylket som er med i FolkOrg er medlemmer av SFFL.

Lokallaga betaler medlemskontingent til SFFL. Einskildmedlemmer kan bli direkte medlemmer i SFFL dersom dei ikkje naturleg kan vere medlem i eit lokallag. Dei betalar kontingent til FolkOrg og SFFL.

§4 ÅRSMØTE

Årsmøte vert halde kvart år og skal avviklast seinast innan utgangen av april og før landsmøtet i FolkOrg. Alle medlemmer i lokallag eller direkte medlemmer har møte- og talerett. Kwart lokallag har rett på 2 utsendingar. Røysterett på årsmøtet har dei valde utsendingane og styret i SFFL. Styret i SFFL har ikkje røysterett ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

Framlegg til saker som skal opp på årsmøtet til avgjerd, må sendast til styret seinast 5 veker før årsmøtet.

Lokallaga skal ha melding om tidspunkt for årsmøtet i god tid før denne fristen.

Sakliste vert sendt lokallaga minst 3 veker før årsmøtet. Alle saker som ikkje gjeld oppløysing eller lovbrigde vert avgjorde med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst utfallet.

Årsmøtet skal:

- velje møteleiar, referent og to til å skrive under møteboka saman med møteleiaren
- handsame styret sitt framlegg til årsmelding, rekneskap og arbeidsprogram for komande år
- fastsetje kontingent
- velje styre med varamedlemmer, revisorar/autorisert rekneskapsfører, valnemnd og utsending(ar) til årsmøtet i FolkOrg
- handsame andre saker som er tekne opp av styret eller lokallaga og som ligg innanfor føremålet for organisasjonen

§5 VAL

Styret er samansett av ein leiar og fire faste medlemer.

Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år slik at to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år tre varamedlemmer til styret, og ein revisor. Det skal også veljast ei valnemnd på tre personar for tre år om gongen og der ein er på val kvart år. Den som har sete i to år vert automatisk leiar i nemnda i sitt tredje år. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret konstituerer seg sjølv.

§6 STYRET

Styret er ansvarleg for leiing av SFFL og skal gjennomføre arbeidsprogram og andre saker som årsmøtet har gjort vedtak om.

Styret kan elles ta opp saker som ligg innanfor laget sitt føremål og arbeidsoppgåver.

Leiaren kallar inn til styremøte og er ansvarleg for leiing av møta.

Styret er vedtaksført når minst tre av medlemen er til stades og innkallinga er sendt med minst ei veker varsel. Styret kan vedta at tre av medlemmene skal fungere som arbeidsutval. Styret kan nemne opp nemnder til å ta seg av særskilde oppgåver innanfor laget sitt føremål.

§7 OMRFRAMT ÅRSMØTE

Det skal haldast omframte årsmøte dersom styret finn at særskilde høve gjer det naudsynt eller minst 1/3 av laga krev det.

§8 OPPLØYSING

SFFL kan berre løysast opp av årsmøtet med minst 3/4 fleirtal. Vert SFFL løyst opp og ikkje innan ti år tek opp att arbeidet på same grunnlag, avgjer FolkOrg korleis laget si eige skal takast vare på og eventuelt disponerast i fylket til føremål laget har arbeidd for.

§9 LOVENDRING

Denne lova kan berre endrast av årsmøtet eller omframte årsmøte med minst 2/3 fleirtal.

Vedtekter revidert av årsmøtet i Sogn og Fjordane Folkemusikklag, 3. april 2011.

Vedtekter revidert av årsmøtet i Sogn og Fjordane Folkemusikklag, 16. april 2023.